



Adresseeining

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1633 - 14/5347

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
08.04.2014

## Adressetildeling Moldekleivmarka 45

**Administrativt vedtak. Saknr: 81/2014**

### Saksutgreiing:

Massiv adressetildeling for heile Meland kommune vart gjennomført i 2007. Endringar og nyadresseringar vert føreteke kontinuerleg ved enkeltvedtak.

På denne eigedommen er det godkjent bygging av einebustad som skal ha eiga offisiell adresse.

Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet *Moldekleivmarka* .

### Vurdering:

Skilting.

Etter felles vedtekt til § 105 i plan- og bygningslova (sjå vedlegg) for kommunane i regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt. Skilt og plassering skal tilfredsstillende lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøringa, også set opp supplerande tilvisingskilt.

Det skal nyttast standard husnummerskilt. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte hos eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal skiltinga vere utført så snart som råd og seinast innan 4 mnd. Ved nybygg før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 810 00 710 eller internett [www.posten.no](http://www.posten.no)  
Informasjon.

I vedlagte brosjyre ***Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen***, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildelinga og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under informasjon – adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring. Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildelinga eller kva for veg huset skal ha si adressetilknytning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

## Vedtak

”Meland kommune har i samsvar med gjevne retningsliner gjort følgjande adressetildeling:

Gnr	Bnr	Vegnavn	Tildelt husnummer
27	241	Moldekleivmarka	45

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunen i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Saka er handsama og godkjent administrativt i medhald av delegert mynde»

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

## Mottakar:

Adresseeining